



# Miljøloftet

## NOTAT

### Vedlegg nr. 3

Til: Styringsgruppa  
Frå: Sekretariatet  
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandlar/telefon:  
Eva Mari Pettersen / 41663951  
Vår dato: 27.10.2023

## Sak 88/23 Økonomirapportering for Miljøloftet pr. 2. tertial 2023

### Bakgrunn

Denne saka blir lagt fram i tråd med vedtekne retningslinjer, som seier at sekretariatet skal leggje til rette for at styringsgruppa for Miljøloftet har ei totaloversikt over økonomisk status og framdrift slik at dei kan drive ansvarleg porteføljestyling. Det er forventa at styringsgruppa tar stilling til identifiserte avvik, veger måloppnåing og økonomi mot kvarandre, og gjer vedtak ved behov.

Saka gir ei oversikt over prognose, og avvik sortert etter finansieringskjelde, og samanliknar desse med budsjett/ disponible midlar i 2023. Her er det år 2023 i handlingsprogram 2023-2026 som er samanlikningsgrunnlaget.

Økonomirapporteringa pr. 2. tertial byggjer på rapporter levert av partane i avtalen som har prosjekteigaransvar for ulike prosjekt og tiltak. Det er viktig å merke seg at fleire av rapportane ikkje nødvendigvis er målretta mot Miljøloftet, men at rapportane er ein del av den formelle rapporteringa frå organisasjonen mot staten og/ eller internt i eiga linje. Sekretariatet tilpassar rapportane slik at informasjonen er tilrettelagd for at styringsgruppa i Miljøloftet skal få naudsynt totaloversikt, og dermed ha grunnlag for å kunne drive ansvarleg porteføljestyling. I nokre tilfelle har det blitt etterspurt ytterlegare informasjon for å avklare utydelegheiter i prognosen. Saka bygger med dette på rapportering basert på gjeldande økonomirapporteringsrutinar, vedtekne av styringsgruppa i desember 2021, sak 73/21.

I *Sak 64/23 Økonomirapportering for Miljøloftet pr. 1. tertial 2023*, blei det orientert om behovet for at rutiane og praksisen for økonomirapportering blir oppdatert. Det er naudsynt å einast om ein kravspesifikasjon for rapporteringa som kan fungere bra for alle partar. Dette arbeidet pågår.

### Oppbygging av økonomirapporten for tertialrapport 2

Rapporten (denne saka) er strukturert slikt:

- Viktige moment
- Overordna prognose pr. 2. tertial 2023 for Byvekstavtalen
- Post 30 Programområdemidlar
  - o Post 30 på riksveg
  - o Post 30 på kommunal og fylkesveg (teknisk overført til post 66)
- Post 66 Tilskot til byvekstavgiftar
  - o Belønningsmidlar til kommunane
  - o Belønningsmidlar til drift av kollektivtrafikk i Bergen (Skyss)

- Betre kollektivtilbod og reduserte bompengar
- Reduserte billettprisar til kollektivtrafikk (Skyss)
- Fylkeskommunalt bidrag
  - Tiltak frå Handlingsprogram 2023-2026 år 2023
  - Tiltak som ikkje var del av Handlingsprogram 2023-2026 år 2023
- Oppsummering og overordna prognose bypakke Bergen
- Bybanen byggetrinn 4

## Viktige moment

Det er rapportert om fleire avvik på enkelte prosjekt. Sekretariatet minner om prinsippet om realistisk budsjettering inn i kommande rulleringar. Det er særleg uheldig at det blir ståande ubrukte tilskot på fond hos kommunane/ fylket, eller ubrukte budsjettmidlar hos staten.

Her er ei oppsummering av dei viktigaste momenta frå rapporten:

- Sidan 1. tertialrapport har det skjedd budsjettmessige endringar:
  - I revidert nasjonalbudsjett (RNB) 2023 blei post 66, tilskot til byvekstavtalar, kompensert med 12 mill. som følgje av prisvekst.
  - På bakgrunn av prognose per 1. tertial blei tilskot til belønningmidlar Skyss/ kommunane trekt 25 mill. i 2023
  - I fylkestinget i juni blei det gjort fleire budsjettjusteringar på fylkeskommunale prosjekt, primært som følgje av prognosen pr. 1. tertial.
- Bergen kommune melder om auke i bruk av belønningmidlar og anbefaler ei ekstra utbetaling på 29,6 mill. i 2023. Sekretariatet støttar kommunen si tilråding, primært fordi det er midlar på fond hos fylkeskommunen som tilhøyrar Bergen. Meirbehovet gjeld primært tiltak som har finansiering seinare i handlingsprogramperioden.
- Samanlikna med 1. tertial, er det ikkje meldt om auka totalkostnad for statlege post 30-prosjekt. Men det var fleire avvik i 1. tertial samanlikna med rullering av handlingsprogram 2024-2027. Desse avvika må takast med vidare i framtidige rulleringar av handlingsprogram.
- Prognosen for bruk av tilskot til betre kollektivtilbod føreset bruk i tråd med sak 89/23 Bruk av tilskot til betre kollektivtilbod (neste sak i møtet). Dersom forslag til vedtak ikkje blir vedteken kan dette påverke prognosen, særleg for bypakke Bergen.
- Det er ikkje gitt ein prognose for bybanen byggetrinn 5 utover det som er planlagt rekvirert av bompengar i 2023. Sekretariatet presiserer at det er viktig at det vert spesifisert korleis det skal rapporterast for dette prosjektet i Miljøløftet, ref. mandatet til prosjektråd for byggetrinn 5 (sak 94/23 i gjeldande møte).
- I rulleringa av HP24-27 blei det avklart at utgifter til mva (og i nokre tilfelle plan og projektering) for fylkeskommunale prosjekter i omlandskommunane, finansiert av statlege midlar, skal dekkast av fylkeskommunale midlar *utanfor* Miljøløftet. I denne prognosen er det lagt inn at utgifta skal dekkast som del av det fylkeskommunale bidraget i Miljøløftet. Det er naudsynt at praksis blir endeleg avklart. Dersom utgifter til prosjekt i omlandskommunane skal dekkast av fylkeskommunen sitt bidrag i Miljøløftet, påverker dette tilgjengelege middel til tiltak i Bergen.
- Prognosen for rekvireringsbehovet av bompengar i 2023 er om lag 600 millionar kroner. Dette er 144 mill. høgare enn prognosen per 1. tertial.
- Med ein gjennomsnittstakst i tråd med forutsetningane i proposisjonen, ville taksten i bypakke Bergen vore på 13,94 kr., 2023 sett under eitt. Prognosen for realisert gjennomsnittstakst i 2023 er på 12,10 kr. Dette gir eit inntektsgap på 167,9 mill. i 2023.
- Partane understrekar at prognosane for fleire av prosjekta er prega av usikkerheit.

## Overordna prognose pr. 2. tertial 2023 for Byvekstavtalen

Prosjekta i byvekstavtalen har ein samla prognose på 1,2 mrd. kroner i 2023. Prognosen viser eit samla avvik/ mindreforbruk på 190 millionar kroner ved årsslutt (sjå tabell 1). Mindreforbruket er stort, men samanlikna med same periode i fjor, som hadde 580 millionar i mindreforbruk, utgjer årets prognose ei betydeleg forbetring. Reduksjonen skuldast i hovudsak bruk av tilskot til betre kollektivtilbod til å dekke deler av den auka kostnaden til BT<sub>4</sub> ved årsskifte 2022/ 2023. Den overordna prognosen for mindreforbruket ved T<sub>2</sub>-2023 er på nivå med T<sub>1</sub>-2023, sjølv om det er endringar innanfor for nokre av finansieringskjeldene.

Tabell 1 - Oppsummeringstabell byvekstavtalen (tal i 1000 2023-kr.)

Økonomirapportering per 2. tertial 2023 (Tal i 1000-kr)								
Finansieringskjelde	HP23-26 år 2023	Løyving 2023	Overført frå tidlegare år	Til disp. 2023 (løyving + overført)	Prognose 2023 v/T1	Prognose 2023 v/T2	Avvik (til disp. - prognose 2023 v/T2)	Kommentar v/T2
Post 30: Programområdemidlar riksveg	380 700	355 000	-57 278	297 722	324 207	294 790	2 932	Posten finansiarar seks statlege riksvegprosjekt i Bergen. To prosjekt melder balanse ift. budsjett (til disp) 2023. To prosjekt har meirforbruk på til saman 108 mill. i 2023, medan to prosjekt har mindreforbruk på til saman 105 mill.
Post 30: Programområdemidlar kommunal og fylkesveg	150 000	142 000	42 800	184 800	110 900	67 707	117 093	I 2023 vert åtte prosjekt finansiert av post 30 ramma på kommunal og fylkesveg. Det er prosjekt i alle fem kommunane i avtaleområdet. Dei fleste av prosjekta har forseinka framdrift, og mindreforbruket har auka sidan 1. tertial.
Post 63: Særskilt tilskot til store kollektivprosjekt	332 000	0	0	0	0	0	0	I revidert nasjonalbudsjett 2022, fekk Bybanen ei løyving på 350 mill., som gjer at heile det statlege bidraget til Bybanen BT <sub>4</sub> vart utbetalt i 2022.  Endeleg avrekening av statleg tilskot, tilseier ei utbetaling på omlag 90 mill. i 2023.
Post 66: Tilskot til byvekstavtalar								
- belønningmidlar til kommunane	35 100	35 117	48 440	83 557	38 400	38 400	45 157	Prognosen visar venta utbetalinger til kommunane frå VLFK i 2023 basert på handlingsprogram 23-26 og 24-27. I tillegg er det midlar på fond hos den ein skilde kommune. Sjå ytterlegare informasjon i eige kapittel.
- belønningmidlar til drift av kollektivtrafikk i Bergen (Skyss)	298 000	289 283	22 366	311 649	284 700	278 520	33 129	Prognose på 278,5 mill. er i tråd med HP23-26, men lågare enn grunnlaget i arbeidet med HP24-27. Prognosen er noko redusert samanlikna med 1. tertial, som skuldast at styrking av rutetilbodet er flytta frå 2023 til 2024.
- tilskot til reduserte bompenger	61 800	60 450	0	60 450	9 842	10 000	50 450	Sjå i samanheng med tilskot til betre kollektivtilbod.  Av beløpet som er løyvd går 10 mill. til å dekkje inntektsbortfall som følge av reduserte elbil-takstar. Resten av tilskotet i 2023 vert overført til "betre kollektivtilbod" i tråd med vedtak om reversering av halvering av elbiltakstane frå 1. mars 2023.
- tilskot til betre kollektivtilbod	61 800	60 450	0	60 450	108 258	108 100	-47 650	Sjå i samanheng med tilskot til reduserte bompengar. Viser til eigen sak om plan for bruken av midlane i 2023, som skal handsamast av styringsgruppa 3. nov. Forslag til vedtak i saka er at det statlege tilskotet for 2023 (108 mill.) vert nytta til planlegging av kapasitetsaukane tiltak i sentrum (4 mill.), vidare plan og prosjekteringsarbeid og erverv knytt til BT <sub>5</sub> til Åsane (32 mill.), samt til å redusere det samla bompenguttaket til BT <sub>5</sub> i 2023 (72 mill.).  Prognosen forutsett vedtak i styringsgruppa i tråd med saksframlegg.
- tilskot til reduserte billettprisar til kollektivtrafikk	54 500	55 600	53 100	108 700	69 000	85 100	23 600	Første år med tilskot var i 2020. Reduserte prisar på periodekort blei innført 15. januar 2021. Reduksjonen var stipulert til å redusere inntektene med omlag 50 mill. årlig. 54,4 mill. blir overført til Skyss i 2023 for å dekke forventa inntektsbortfall i 2023. I tillegg er det planlagt at 32 mill. av tilskotet frå 2020, blir nytta til takstfrys på buss og bane ut året. Endringa fra prognosen pr. 1. tertial, er vedtak om at takstfrysen gjeld ut året, og ikkje berre fyrste halvår.
Prosjekt finansiert av VLFKs andel i byvekstavtalen	338 000	306 620	0	306 620	310 986	318 037	-11 417	Det fylkeskommunale bidraget finansiarar mange enkelttiltak, samt fleire samlepottar med delprosjekt. Det samla meirforbruket er ein kombinasjon av avvik på fleire tiltak/samlepottar.
Prosjekt utover HP23-26, som vert finansiert av VLFKs andel i byvekstavtalen		12 700	0	12 700	67 800	36 271	-23 571	Avvik knyttar seg primært til prosjekt frå tidlegare handlingsprogram som har nokre forsinka framdrift, eller der restoppgjjer kjem i år. Prognosen inneheld også utgifter til prosjektar på fylkesveg kor mesteparten av utgiften vert finansiert av statlege midlar.
<b>Sum byvekstavtalen</b>	<b>1 711 900</b>	<b>1 317 220</b>	<b>109 428</b>	<b>1 426 648</b>	<b>1 324 093</b>	<b>1 236 925</b>	<b>189 723</b>	

Prognosen for mindreforbruk på om lag 190 millionar ved T<sub>2</sub>-2023, summerast av:

- **Post 30 på kommunal- og fylkesveg:** mindreforbruk på 117 millionar, som utgjer ein auke på 43 millionar i forhold til T<sub>1</sub>-2023 (74 millionar).

- **Post 66 tilskot til byvekstavtalar:** mindreforbruk på 105 mill., som er ein reduksjon samanlikna med T1-2023 som var 127 mill.
- **Fylkeskommunalt bidrag (både i, og utover HP23-26 år 2023):** meirforbruk på 35 millionar som er 29 millionar større enn ved T1-2023 (meirforbruk på 6 mill.)

Det er også verdt å merke seg at sjølv om avviket på **post 30 på riksveg** består av eit mindreforbruk på berre 3 millionar, er det samstundes store avvik i enkelte prosjekt.

I 2023 held staten att 25 millionar i belønningsmidlar som konsekvens av prognostisert mindreforbruk. Den tilbakehaldne summen i 2022 var 250 millionar. Statens vegvesen opplyser at reduksjon i tilskotet for 2022 og 2023 vil bli utbetalt på eit seinare tidspunkt, ut frå tilbakemelde behov for midlane.

## Post 30 Programområdemidlar

### Post 30 på riksveg

Tabell 2 viser prognosen for totalkostnad, samt årsprognose for prosjekta finansiert av post 30 midlar på riksveg. Alle seks prosjekta ligg i Bergen kommune. Statens vegvesen har levert oppdatert status og avviksforklaringar.

Det er ikkje meldt om endringar i totalprognose for prosjekta samanlikna med prognosen pr. 1. tertial. Men det er avvik samanlikna med handlingsprogrammet, som må handsamast i framtidige rulleringar. Det samla avviket på post 30 på riksveg, består av eit mindreforbruk på 3 millionar, men det er samstundes store avvik for enkelte prosjekt. Det er to prosjekt med meirforbruk på 72 og 36 millionar kroner, og to prosjekt med mindreforbruk på 77 og 27 millionar kroner. Det er to prosjekt som er i balanse ift. budsjett (til disp.) 2023.

Av dei prosjekta som melder avvik i årsprognosen ved T2-2023, er det berre eitt som viser betydeleg variasjon ift. T1-2023. Det gjeld prosjektet *E39 – Kristianborg-Bergen sentrum sykkelstamveg Bergen, delstr. 5*. Prognosen for året for dette prosjektet gir eit meirforbruk på 72 millionar, noko som utgjer ein reduksjon i meirforbruk på 35 millionar ift. T1-2023 (107 millionar). Prosjektet har fått ny godkjend sluttprognose og tildelinga er skyvd i tid som følgje av dette.

Tabell 2 - Prognose på prosjekt finansiert av post 30 midlar til riksveg (tal i 1000 2023-kr.)

Tiltak	PROGNOSE TOTALKOSTNAD				PROGNOSE ÅRSREKNESKAP								
	Totalkost n. i HP 2023-2026	Prognose totalkost n.	Avvik totalkost n.	Kommentar totalkostnad frå byggherre	HP 2023-2026 År 2023	Løyving 2023	Overført frå tidl. år	Til disp 23 (løyving + overført)	Rekne-skap pr. 30.08.23	Prognose 2023 v/T1	Prognose 2023 v/T2	Avvik 2023 (til disp - prognose)	Kommentar årsprognose fra byggherre
E39, Fv577 Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 6, Bradbenken – Glass Knag	74 800	211 000	-136 200	Totalprognose 211 mill. kr som er lik godkjent styringsramme. I RNB 23 blei forventede indeks økt frå 2,8 % til 5,2 % som medfører noe økt totalkostnad samanlikna med T1. Konkurransgrunnlaget er lyst ut. Forhandling med entreprenørar er venta hausten 2023, kontraktsignering i februar og byggestart i løpet av 1. kvartal i 2024.	13 700	0	85 123	85 123	6 718	9 323	7 600	77 523	Prognosen for året gir eit mindreforbruk på 77,5 mill.kr. Dette er eit mindreforbruk frå tidlegare år. I tillegg er i utlysningstidspunktet forskyvd i hht plan som følga av prosess knytt til samanslåing frå 2 til 1 prosjekt. <b>STAT</b> Prognosen for året gir eit mindreforbruk på 71,1 mill.kr. Prognosen er redusert med 1,4 mill.kr sidan T1. Dette skuldast i hovudsak at prosjektet har fått oversikt på inntekter/refusjon på arbeid knytt til arbeid for Bergen Vann. <b>TILSKOT</b> Prognosen for året gir eit mindreforbruk på 6 mill.kr. Det er venta at tilskotet blir rekvirert i 2024.
E39 Kristianborg-Bergen sentrum sykkelstamveg Bergen, delstr. 5	1 137 200	1 439 000	-301 800	Prosjektet har fått ny godkjent sluttprognose og tildelinga er forskyvd i tid som følge av dette. Prosjektet sin totalprognose er lik godkjent prognose for sluttkostnad på 1 439 mill.kr. Prosjektet håpar på ei varig innsparing i forhold til godkjent sluttprognose.	189 600	190 000	4 013	194 013	190 833	300 713	266 000	-71 987	Prognosen for året gir eit meirforbruk på 72 mill.kr. Dette skuldast at prosjektet har fått ny godkjent sluttprognose og tildelinga er forskyvd i tid som følgje av dette. Prognosen for året er redusert med 35 mill.kr sidan T1. Dette skuldast at Bybanen sitt sluttoppgjør med entreprenøren er komme i sluttfasen og usikkerheita er redusert.
E39 Osbane, Nesttun - Skjold (Osbanen Rådal - Nesttun delstrekning 2) sykkelstamveg Bergen	227 000	377 000	-150 000	Prosjektet har ein godkjent prognose på sluttkostnaden på 262 mill.kr. Sist anslag viser ein kostnad på 377 mill.kr som gjeld for byggetrinn 1 og er eksklusiv byggetrinn 2 Nesttunbrekka. Søknad om auka sluttkostnad blir sendt til styring høsten 23 når økonomiske forhold til Miljøloftet blir avklart.	24 300	23 000	21 583	44 583	12 591	14 583	17 000	27 583	Prognosen for året gir eit mindreforbruk på 28 mill.kr. Dette skuldast at utlysningstidspunkt blir senere enn forventet. Prognosen har auka med 3 mill.kr sidan T1 og er knytt til grunnverv og prosjektering.
E39 Sykkeltamveg Minde Allé-Fabrikkgaten (Del av delsparsell 5)	116 200	292 000	-175 800	Prosjektet har ein godkjent prognose for sluttkostnad på 208 mill.kr. Prosjektet sin prognose for sluttkostnaden er 292 mill.kr.	52 800	50 000	-45 285	4 715	759	715	890	3 825	Prosjektet har eit mindreforbruk på 3,8 mill.kr. (varig innsparing)
Rv 555 Gyldenpriskrysset og Carl Konows gate	334 900	405 500	-70 600	Sluttprognosen er nedjustert til 405,5 som er 21 mill. lavere enn godkjent prognose for sluttkostnad på 426,5 mill.kr. Sluttoppgjøret med entreprenøren er avklart og vi kom gunstigere ut av sluttoppgjøret enn fryktet. Når vi søkte om økt prognose var det usikkerhet i forhold til fordeling av kostnader med Vestland fylkeskommune. Dette er nå blitt avklart og inntektene ble økt med ca. 7 mill. Siste anslag inneheldt usikkerheit som ikkje ble en realitet.	95 000	90 000	-122 927	-32 927	14 961	-1 527	2 900	-35 827	Prognosen for året gir eit meirforbruk på 35,8 mill.kr. Dette skyldes forskyvning restfinansiering til 2024/2025. Prognosen har auka med 4 mill.kr sidan T1. Dette er i hovudsak knytt til partane er komme til einighet med sluttoppgjør.
E16 Olav Kyrresgate	234 700	222 600	12 100	Godkjent prognose for sluttkostnad er 261,5 mill.kr. Prosjektet sin totalprognose 222,6 mill.kr. Avviket skyldes forventinger om høgere kostnader enn det faktiske sluttoppgjøret med entreprenøren viste.	2 100	2 000	214	2 214	178	400	400	1 814	Prosjektet har eit mindreforbruk på 1,8 mill.kr. Dette skuldast at restarbeidene lyses ut i kontrakten til prosjekt Bradbenken- Glass Knag. Kostnadene er forskyvd 2024. Det gjenstår arbeid som følge av avklaringer med blinddeforbundet etter ferdigstilling av prosjektet. I tillegg mindre arbeid med refuger og skilt i Foreningsgaten.
Sum POST 30 - midlar riksveg	2 147 900	2 947 100	-822 300		380 700	355 000	-57 278	297 722	226 040	324 207	294 790	2 932	

## Post 30 på kommunal og fylkesveg (overført til post 66)

Tabell 3 viser årsprognose for prosjekt finansiert av post 30 på kommunal og fylkesveg. Det er ikkje levert prognose for totalkostnaden for dei enkelte prosjekta.

Det er åtte prosjekt som har tilgjengeleg tilskot hos staten over denne ordninga i 2023, enten det er ubrukte midlar frå 2022, eller nye midlar over statsbudsjett 2023, eller begge delar. I tillegg var det tre prosjekt i handlingsprogrammet som ikkje fekk midlar i 2023, desse tre prosjekta inngår også i tabellen nedanfor.

Kommunane og fylket har levert prognose til Statens vegvesen. Statens vegvesen har sendt sin prognose vidare i si linje med kopi til sekretariatet. Denne er grunnlaget for tabell 3.

Tabell 3 - Prognose på prosjekt finansiert av post 30 midlar til kommunal og fylkesveg (tal i 1000 2023-kr.)

		PROGNOSE ÅRSREGNSKAP 2023								
Byggherre/kommune	Prosjekt i handlingsprogram 2023-2026.	HP 2023-2026 (år 2023)	Løyving 2023	Overført frå tidl. år	Til disp (løyving + overført)	Prognose 2023 v/T1	Prognose 2023 v/T2	Avvik 2023 (til disp - prognose)	Kommentar årsprognose frå byggherre	
VLFK i Bergen	Fv5200 mfl. Infrastruktur Paradis	14 000	15 807		15 807	15 800	15 807	-	Grunntreprise på tiltaket vart overlevert mars 2023. Bygging av brua (kompositt materiale) vert hausten 2023, dersom godkjenning av bru føreligg. Prognosen er usikker.	
VLFK i Alver	Fv5308 Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	12 600	15 400	4 100	19 500	8 600	7 500	12 000	Entreprenør er tildelt kontrakt og prosjektet er under oppstart. Markering vart gjennomført august 2023. Venta ferdigstilling av tiltaket 2025. Ingen endring i totalprognosen.	
VLFK i Alver	Fv5474 Seim	1 600							Prosjektet fekk ikkje midlar i statsbudsjett 2023. Det foreligg ikkje godkjent reguleringsplan.	
VLFK i Alver	Fv5452 Leknesvegen	4 900							Prosjektet fekk ikkje midlar i statsbudsjett 2023. VLFK meld at det vert starta prosjektering i 2023.	
VLFK i Askøy	Fv5254 Kleppevegen ved Myrane	27 900	26 600	4 100	30 700	16 000	7 500	23 200	Tiltaket har fått endra framdrift. Vedtak i Askøy kommune fører til at det ikke kan inngås kontrakt uten nytt vedtak i kommunestyret. Ingen endring i totalprognosen.	
Askøy kommune	Kv1158 Kvernhusdalen	20 000	20 000	4 200	24 200	24 200	17 000	7 200	Prosjektet kom litt seinere i gang på grunn av usikre grunnforhold. Prosjektet ser derfor ut til å bli forskjøvet tilsvarende og prognosene er ferdigstilte mars 2024. Kostnadmessig er prognosen at ca 30 % av det som er satt av i 2023 vil måtte tas ut i perioden jan-mars 2024. Behov for utbetaling i 2023 er ca 70% avrunda til 17 mill.	
VLFK i Bjørnafjorden	Fv552 GS-løysing som del av utbetningsentreprisa for Hatvikvegen	37 000	36 000	12 300	48 300	-	4 500	43 800	Kontraheringsfasen vil pågå i 2023 grunnet forhandlinger og samspill med entreprenør. Entreprisform er valgt av omsyn til gjennomføring spesielt mtp. trafikkavvikling og kompleksitet, mange berørte parter. Byggestart estimert tidleg 2024. Utlysning i veke 35. Kontraktsignering senest januar 2024. Ingen endring i totalprognose.	
Bjørnafjorden kommune	Kv1027 Fortau langs Gymnasvegen	600		1 000	1 000	1 000	1 000	-	Tilskudd vil bli utbetalt i år. Arbeidet med prosjektet er ferdig i høst.	
Bjørnafjorden kommune	Fv510 Trollidalen- Lepsøyvegen - trygg GS-løsning	3 200							Prosjektet fekk ikkje midlar i statsbudsjett 2023.	
Øygarden kommune	Kv1136 Sentrumsgate Grønomyrsvegen	28 200	28 200	6 700	34 900	34 900	4 000	30 900	Prosjektet er pr. 1 september ute på anbud og vil ha anleggsstart først i slutten av 2023.	
Øygarden kommune	Kv1146 Kulvert Idrettsvegen			10 400	10 400	10 400	10 400	-	Tilskudd vil bli utbetalt i år. Prosjektet er ferdigstilt og ble offisielt åpnet 03. mai. Sluttregnskap er ikke klart pr. 1. sept, men prognose tilsier at prosjektet holder seg til tildelt ramme.	
	<b>Sum POST 30 kommunal og fylkesveg</b>	<b>150 000</b>	<b>142 007</b>	<b>42 800</b>	<b>184 807</b>	<b>110 900</b>	<b>67 707</b>	<b>117 100</b>		

Avviket på post 30 på kommunal og fylkesveg består av eit mindreforbruk på 117 millionar. Dette utgjør ein auke på 43 millionar i mindreforbruk ift. T1-2023 (74 millionar). Endringa skuldast hovudsakeleg ein redusert prognose på 31 millionar i for prosjektet *Kv1136 Sentrumsgate Grønomyrsvegen* ved Øygarden kommune.

## Post 66 Tilskot til byvekstavgifter

Prognosen for post 66 midlar viser eit samla mindreforbruk på 105 millionar kroner ved årsslutt. Dette skuldast i hovudsak mindreforbruk for belønningssmidlar til kommunane (45 millionar på fond hos Vestland fylkeskommune), drift av kollektivtrafikk i Bergen (33 millionar), og reduserte billettprisar til kollektivtrafikk (23,6 millionar). Som følgje av høgare prisvekst, vart tilskota oppjustert med 12 millionar i revidert nasjonalbudsjett (RNB) 2023.

### Belønningssmidlar til kommunane

Tabell 1 i starten av dette notatet, viste eit mindreforbruk på 45 mill. i belønningssmidlar til kommunane. Dette gjeld prognosen for kva som er på fond hos fylket ved årsslutt 2023. Det har også opparbeidd seg fond i kommunane, sjå tabell 4.

Tabell 4 nedanfor viser ein prognose for midlane som er utbetalt frå fylket til kommunane.

Tabell 4 - Prognose for prosjekter finansiert av belønningsmidlar til kommunane

Prosjekt	Overført frå 2022 (fond hos kom. pr. 31.12.22)	Omdisponert i 2023	Utbetalt i 2023	Til disp 2023	Prognose for 2023	Avvik	Kommentar
Tiltak i handlingsplan for gange - Bergen kommune plan	-90		1 000	910	1 000	-90	Prognose lik tildelte midler
Tiltak i handlingsplan for gange - Bergen kommune bygging	474		3 700	4 174	3 700	474	Prognose lik tildelte midler. Se liste over prosjekter under
Oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune	3 950		18 000	21 950	42 421	-20 471	Bergen kommune har i 2023 bedre fremdrift i prosjektene enn tidligere antatt. Midlene fordeles på en rekke ulike prosjekter, se liste under. Årsaken til at så mye midler fremskyndes er at man nå ser resultater av all planlegging og forarbeid som er gjort de siste årene. Mange tiltak er dermed klare til gjennomføring allerede i 2023.
Bysykelordningen i Bergen	0		4 300	4 300	4 300	0	Prognose lik tildelte midler
Sykelbyavtale - Sykkelparken Bergen	-408		2 200	1 792	2 200	-408	Prognose lik tildelte midler
Birkeveien m/fl, avlasting av Natlandsveien. Forprosjekt/prosjektering	1 465			1 465	1 465	0	Prognose fondsmidlene blir brukt i 2023
Klaus Hansens vei m/fl. Forprosjekt + prosjektering	1 239			1 239	1 239	0	Prognose fondsmidlene blir brukt i 2023
Trygg sykkelparkering	0		500	500	500	0	Prognose lik tildelte midler
Bybaneplanlegging/utredning/ regulering Sentrum - Åsane					9 100	-9 100	Frem til 2022 har Vestland fylkeskommune betalt for stillinger knyttet til bybaneplanlegging, utredning og regulering i kommunen. Ordningen er nå avsluttet fra VLFK sin side og Bergen må erstatte inndekningen fra andre midler og har da valgt å bruke fra belønningsmidlene.
<b>Delsum belønningsmidlar til Bergen</b>	<b>6 630</b>	<b>0</b>	<b>29 700</b>	<b>36 330</b>	<b>65 925</b>	<b>-29 595</b>	<b>Se eget punkt i tertialrapporten vedrørende ekstra utbetaling av belønningsmidler (på fond hos Vestland fylkeskommune) til Bergen kommune i 2023.</b>
Strategiplan	300			300		300	
Prosjektutgreiing	1 150			1 150		1 150	
Sykkelpakke	380			380	65	315	Det er brukt 65' til kampanjar og arrangement med tilhøyrande innkjøp og aktivitetar. I tillegg innkjøp av to EL-syklar.
Fysiske tiltak	2 000			2 000		2 000	
Prosjektsamling belønningsmidler Alver	4 205			4 205		4 205	
Trygg sykkelparkering			250	250	250		Prosjekt trygg sykkelparkering i regi av fylkeskommunen: Innkjøp av stålboksar til parkering av EL-syklar etc., skal gjennomførast i 2023. Midlene blir utbetalt og brukes umiddelbart
<b>Delsum belønningsmidlar til Alver</b>	<b>8 035</b>	<b>0</b>	<b>250</b>	<b>8 285</b>	<b>315</b>	<b>7 970</b>	
Oppfølging av sykkelstrategi	154		900	1 054	900	154	
Planleggingsmidler Askøy kommune	132		2 600	2 732	2 600	1 612	
Kv 1158 Kvernhusdalen	-555			-555		-555	
Trygg sykkelparkering			250	250		250	
<b>Delsum belønningsmidlar til Askøy</b>	<b>-269</b>	<b>0</b>	<b>3 750</b>	<b>3 481</b>	<b>3 500</b>	<b>1 461</b>	
Berekraftig og attraktivt Osøyro	850	-100		750		750	
Fortau langs Gymnasvegen		1 000		1 000		1 000	
Fotgjengerovergang på Særvoll	50	-50		0		0	
GS-løysing langs bilveg samt GS-bru over Pøyla	225	-225		0		0	
GS-løysing langs Nilsavegen (del av Nilsavegen-Lepsøyvegen/Trollaldalen)	-466	323		-143		-143	
GS-løysing mellom Lidarosgardane og Lyseparken	50	-50		0		0	
Lepsøyvegen (Trollaldalen) - trygg GS-løysing etter differensiert standard	4 124	-2 000		2 124		2 124	
Mulegheitsstudie av GS-løysing Søfteland-Lyseparken	50	-50		0		0	
Søfteland - ny veglinje og GS-løysingar for E39, "Byvegen"	150			150		150	
Sykelstrategi for Bjørnafjorden kommune	500		200	700	200	500	Vi har planer om å bruke midlane til trygg sykkelparkering. Vi bestiller sykkelboksar så snart Vestland fk har signert avtale med leverandør. Vidare har vi tenkt å bruke midlar til kartlegging og sykkelveginspeksjonar for resten i løpet av hausten
Trygg sykkelparkering			250	250	250		
Innfartsparkering Lyseparken	-914	1 352		438		438	
Utprøving av ringbuss som konsept for Osøyro	200	-200		0		0	
<b>Delsum belønningsmidlar til Bjørnafjorden</b>	<b>4 819</b>	<b>0</b>	<b>450</b>	<b>5 269</b>	<b>450</b>	<b>4 819</b>	
Fv Ågotnes Miljøgate	4 033			4 033	800	3 233	Gjeld reguleringsplan. Det er varsla planoppstart og det pågår arbeid med å få plan fram til 1. gong høyring. Etter framdriftsplan skal plan vedtakast medio 2025. Planarbeid er komplekst og tidkrevjande.
Prosjekt "bysyklar" i regionsenteret	1 400		1 000	2 400	0	2 400	Prosjektet er ikkje påbegynt, og må reduserast og det må gjerast nokre avklaringsar inn mot neste handlingsprogram.
Prosjekt "sykkelparkering" i regionsenteret	200		200	400		400	
Fv 209 Stovevatnet og parsell av Foldnesvegen	4 150			4 150	200	3 950	Skal varslast oppstart av plan hausten 2023. Planarbeidet er noko forseinka, men det er kjørt eit parallelloppdrag i forkant av planarbeidet som har gjeve nokre avklaringsar og vidare føringar for planarbeidet.
Kampanje haldningsskapande arbeid	97			97	40	57	
Trafikkanalyse for regionsenter Straume			800	800	200	600	Det pågår arbeid med kravspesifikasjon for tildeling av konsulentoppdrag. Det vil ta noko tid å knytte til seg konsulent. Målet er å få ferdig trafikkanalysen innan 2024.
Prosjektstillingar for å styrka kompetanse og gjennomføringsevne innanfor mobilitet i Øygarden kommune			1 000	1 000		1 000	Det er ikkje tilsett personar i desse stillingane. Det er lyst ut etter 2 prosjektstillingar, men det har ikkje lukkast å få kvalifiserte søkjarar. Vil bli vurdert andre løysingar utover hausten og mogleg omfordeling av midlar til andre prosjekt.
Trafikksikringsplan Øygarden			1 000	1 000	300	700	Det vert arbeidd med kunnskapsgrunnlag og kravspesifikasjon for utlysing av konsulentoppdrag. Etter framdriftsplanen skal planen gjerast ferdig innan 2024.
Trygg sykkelparkering			250	250		250	
<b>Delsum belønningsmidlar til Øygarden</b>	<b>9 880</b>	<b>0</b>	<b>4 250</b>	<b>14 130</b>	<b>1 540</b>	<b>12 590</b>	
<b>Sum belønningsmidlar i alle kommunane</b>	<b>29 095</b>	<b>0</b>	<b>38 400</b>	<b>67 495</b>	<b>71 730</b>	<b>-2 755</b>	

Det er store variasjonar mellom kommunane. Bergen kommune har eit meirbehov for midlar i 2023. Årsaka til meirforbruket i Bergen kommune skuldast at prosjekt i tiltaket *oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune* har betre framdrift enn tidlegare antatt.

I tillegg ynskjer Bergen at stillingar knytt til bybaneregulering, som VLFK tidlegare finansierte, no vert finansiert av belønningssmidlar til Bergen. Sjå tabell 5 over enkelt-tiltaka i handlingsplan for sykkel og gåing, som belønningssmidlane finansierar.

Tabell 5 - Enkeltprosjekt finansiert av samleprosjekt i handlingsplan for sykkelsatsing, og handlingsplan for gange (tal i 1000 2023-kr.)

Tiltak i oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune	Prognose for 2023	Tiltak i handlingsplan for gange	Prognose for 2023
Sykkeltiltak Åsane, Årstad og Laksevåg	3 668	Gangetiltak Bergveien	2 700
Sykkeltiltak - Olaf Ryes vei og Dokkeveien	7 018	Gangetiltak Fyllingsdalen, del 1	200
Sykkeltiltak - Løbergsveien	852	Oppgradering gangveier Øvre Stadionveien, Skoglien og Løvestakkveien	800
Sykkeltiltak - Wiers-Jenssensvei	2 422	<b>SUM</b>	<b>3 700</b>
Sykkeltiltak - Nonnekloppen til Florida	6 888		
Sykkeltiltak - Litleåsvegen	1 280		
Sykkeltiltak - Damsgård-Småpudden	678		
Sykkeltiltak - Rasmus Meyers allé	690		
Sykkeltiltak - Gabriel Tischendorfs vei	142		
Sykkeltiltak - Krohnåsveien	966		
Sykkeltiltak - Kronstadhøyden	3 962		
Sykkeltiltak - Lakslia	68		
Sykkeltiltak - Krohnengsgaten	910		
Sykkeltiltak - Haakon Shetelig's plass	25		
Sykkeltiltak - Sydneplassen - Regnbueplassen	2 037		
Sykkeltiltak - Johan Mohrs gate	195		
Sykkeltiltak Lyngfaret og Vestre Vadmyra	10 620		
<b>Sum</b>	<b>42 421</b>		

På bakgrunn av innspel frå Bergen kommune, anbefalar sekretariatet at styringsgruppa vedtar ei utbetaling frå fylkeskommunen til Bergen kommune på 29,6 mill. Dette vil redusere fondet hos fylket tilsvarande.

For omlandskommunane viser prognosen eit samla mindreforbruk på om lag 27 millionar. Det er viktig at omlandskommunane har fokus på framdrift for dei prosjekta midlane er tenkt nytta til.

### Belønningssmidlar til drift av kollektivtrafikk i Bergen (Skyss)

Drift av kollektivtrafikk i Bergen viser eit mindreforbruk på 33 millionar. Mindreforbruket er auka med om lag 10 mill. samanlikna med 1. tertial på grunn av at styrkinga av rutetilbodet som var planlagt for 2023, er flytta til 2024.

### Betre kollektivtilbod og reduserte bompengar

Tilskot til betre kollektivtilbod (47 millionar meirforbruk) og til reduserte bompengar (50 millionar mindreforbruk) må sjåast i samanheng og viser til saman eit mindreforbruk på berre 3 millionar. Mindreforbruket skuldast at endringa i tilskotet frå staten i forbindelse med RNB23 ikkje er tatt inn i prognosen for bruken av tilskotet. Viser igjen til eiga sak om plan for bruken av midlane i 2023 (sak 89/23 i dagens møte). Prognosen føreset vedtak i styringsgruppa i tråd med saksframlegg.



### Reduserte billettprisar til kollektivtrafikk (Skyss)

Reduserte billettprisar til kollektivtrafikk viser eit mindreforbruk på omlag 23,6 mill. Dette er forventa størrelse på fond hos fylket ved årsslutt. Mindreforbruket er knytt til bruk av tilskot frå 2020, som har vært på fond sidan 2020. Ved årsslutt 2022 var fondet på 53,1 mill. I 2023 blir 32 mill. nytta til takstfrys. Kva resten av midlane skal nyttast til er enno ikkje avklart.

## Fylkeskommunalt bidrag

### Tiltak frå Handlingsprogram 2023-2026 år 2023

Tabell 6 viser oversikt over årsprognosen for enkeltprosjekta som er finansiert med fylkeskommunale midlar og som var ein del av handlingsprogram 2023-2026. Det er ikkje levert prognose for totalkostnaden for dei enkelte prosjekta.

I fylkestinget i juni blei det vedteke nokre budsjettjusteringar. Desse blir omtala tekstleg i kommentarfeltet.

Tabell 6 - Prognose for prosjekt finansiert av fylkeskommunalt bidrag i Miljøløftet (tal i 1000 2023-kr.)

Tiltak frå handlingsprogram 2023-2026 år 2023	PROGNOSE ÅRSREKNESKAP					
	HP 2023-2026 år 2023	Løyving VLFK 2023	Prognose 2023 v/T1	Prognose 2023 v/T2	Avvik 2022 (til disp - prognose)	Kommentar årsregnskap byggherre
Fv 5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartsputer	20 500	3 500	3 500	3 500	0	Prosjektering pågår. Oppstart bygging bygging våren 2024, økt omfang pga. støytiltak. Antatt byggetid 15 mnd. Totalprognose usikker grunna mellom anna støy og grunnerv. Budsjettet blei trukket ned med 17 mill. i FT i juni.
Fv5190 Apeltunvegen	5 100	3 000	3 000	2 005	995	Det er lagt opp til prosjektering i 2023 og bygging i 2024. Budsjettet blei trukket ned med 2,1 mill. i FT i juni.
Gangveger til kollektivtraseer	10 600	10 600	10 600	10 600	0	
Fremkommelighetstiltak sykkel (enklere tiltak, farge sykkelfelt, merking mm.	3 200	3 200	3 200	2 000	1 200	Planlagt tiltak i Kringsjøveien og Salhusvegen. Oppstart bygging tiltak Kringsjøveien haust 2023. Tiltak i Salhusvegen prosjektering 2023 og bygging 2024.
Gang og sykkel fylkesveg langs Bybanen IV	26 900	26 900	26 900	26 900	0	
Fv 5216 Håkonshellavegen	46 300	37 900	37 900	46 300	-8 400	Tiltaket er under bygging og er venta ferdig mars 2024. Ingen endring i totalprognose. Budsjettet blei trukket ned med 8,4 mill. i FT i juni.
Trafikksikkerhet	33 800	33 800	37 287	36 785	-2 985	Det er venta eit meirforbruk på omlag 3,5 mill.kr på denne potten. Tiltaka dreg med seg eit etterslep frå tidlegare år. Bruk av rammekontrakt for mindre vegtiltak gjer at tiltaka realiserast fortløpande etter prosjektering. Det er håp om å ta igjen det meste av etterslepet i 2023. Tiltaka går stort sett etter oppsett plan. Dei fleste tiltaka er under bygging og er venta ferdigstilt i løpet av året. Kun nokre få som vert avslutta i 2024. Prosjektering pågår på nye tiltak for kontinuitet på posten. Det vert lagt opp til budsjettjustering i løpet av 2023 på denne potten.
Oppgradering av signalanlegg og ASP	2 600	2 600	2 600	2 600	0	
Oppgradering holdeplasser	7 700	7 700	7 700	7 700	0	
Fv 5322 Holdeplasser ved Sletten senter bybanestopp	5 400	500	500	500	0	Prosjektet er forsinka og det pågår prosjektering. Prognosen er usikker og kan auka dersom bygging kjem i gang i 2023. Budsjettet blei trukket ned med 4,9 mill. i FT i juni.
Mindre kollektivtiltak, enklare tiltak	4 200	6 000	6 000	6 000	0	Det er lagt opp til å gjere tiltak i Eidsvågvegen med oppstart bygging i 2023. Prognosen er usikker. Budsjettet blei trukket ned med 3,2 mill. i FT i juni.
Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter Bybanen og Trolleybuss	14 400	14 400	14 400	14 400	0	
Reisevaneundersøkelse	1 500	1 500	1 500	1 500	0	
Program for teljing og analyse av fotgjengartraumar og åtferd	1 000	1 000	1 000	1 700	-700	Det er meldt om auka kostnader knytt til gjennomføring av tiltaket.
Sentrums og knutepunktsutvikling i Bergen	1 000	3 500	3 500	3 500	0	
Sekretariat med kommunikasjon Miljøløftet	8 800	8 800	8 800	8 800	0	
Kjøp av bybanevogner	51 400	51 400	51 400	51 400	0	Midlane er løyvd over driftsbudsjettet til fylket.
E16/ Rv577 Permanent løysning for sommer stengning av Torget - Bryggen	6 200	0	0	0	0	Då handlingsprogram 23-26 blei vedtatt av fylkestinget, blei ikkje prosjektet prioritert, og prosjektet fekk ikkje midlar då fylkestinget vedtok budsjett for 2023.
Fv574 Bjørgeveien, Bjørndalsbrotet - Lyderhornsveien	1 000	750	750	750	0	Tiltenkt arbeid med prosjektoptimalisering er noko forsinka. Det vurderast bruk av konsulent. Arbeidet vil truleg halde fram inn i 2024. Budsjettet blei trukket ned med 0,25 mill. i FT i juni.
Fv5300 Salhusvegen, Ulsetstemma-Slettstølvegen	1 000	0	1 000	0	0	Prosjektoptimalisering vurderast i samband med ferdigstilling av reguleringsplan. Budsjettet blei trukket ned med 1,0 mill. i FT i juni.
Prosjektering diverse fylkesveg og grunnerv	7 200	10 700	10 700	6 700	4 000	Framdrifta på prosjektering tilsier lågare produksjon i 2023.
Planlegging fylkesveg i Bergen	25 400	20 570	19 575	14 070	6 500	Det er venta eit mindreforbruk på potten i 2023. Fleire planer er under utarbeiding og har ulik framdrift i høve til opphøveleg plan. Prognosane er usikre. Det vert lagt opp til budsjettjustering i 2023. Budsjettet blei trukket ned med 4,83 mill. i FT i juni.
Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter	52 800	58 300	59 174	70 327	-12 027	Det er venta eit meirforbruk på potten som heng saman med slutføring av tiltak som vart starta opp i 2022 men først vert fullført i 2023. Posten hadde mindreforbruk i 2022. Tiltaka er i ulike fasar, nokre under prosjektering, andre er i gang og nokre står det kun att sluttoppgjør. Budsjettet blei justert opp med 5,5 mill. i FT i juni.
<b>Sum fylkeskommunalt bidrag</b>	<b>338 000</b>	<b>306 620</b>	<b>310 986</b>	<b>318 037</b>	<b>-11 417</b>	

## Tiltak som ikkje var del av Handlingsprogram 2023-2026 år 2023

Vestland fylkeskommune finansierer også prosjekt som ikkje var del av handlingsprogram 2023-2026, år 2023. Desse prosjekta blir vist i tabell 7. Dette er primært prosjekt som har vore del av tidlegare handlingsprogram, og som har aktivitet i 2023.

Fleire av prosjekta som er finansiert av statlege post 30-midlar (tabell 3), ligg på fylkesveg. Ettersom det statlege tilskotet ikkje dekker utgifter til mva, plan og prosjektering, har fylkeskommunen utgifter knytt til prosjekta som ikkje blir kompensert. I samband med rullering av handlingsprogram 2024-2027 blei det avklart at desse utgiftene skulle dekkast slik:

- Utgifter til plan, prosjektering og mva. for prosjekt i Bergen blir dekket over det fylkeskommunale bidraget i Miljøløftet.
- Tilsvarende utgifter i omlandskommunane vert hovudsakleg dekket av fylkeskommunale midlar som *ikkje* er del av Miljøløftet.

Til 1. tertial inngjekk derfor prosjekta i Bergen i tabell tilsvarende tabell 7, medan prosjekta i omlandskommunane ikkje inngjekk i nokre av tabellane i økonomirapporteringa.

I dialogen med fylkeskommunen i forbindelse med 2. tertialrapport, har det vert kommunisert at også utgiftene til prosjekta i omlandskommunane skal inngå som del av det fylkeskommunale bidraget i Miljøløftet. Aktuelle prosjekt er derfor inkludert i tabell 7. Førebels er det ikkje snakk om store summer, men det er viktig å få avklart praksis i det framtidige arbeidet med rullering av handlingsprogram.

Ettersom praksis ikkje er heilt avklart, er det usikkerheit knytt til tabell 7. Det følger dermed også usikkerheit til kva som er den fylkeskommunale løyvinga i Miljøløftet i 2023.

Tabell 7- Prognose for prosjekt finansiert av fylkeskommunalt bidrag, men som ikkje var del av HP2023-2026 (tal i 1000 2023-kr.)

Tiltak som ikkje var del av Handlingsprogram 2023-2026 år 2023	HP23-26 år 2023 (VLFKs andel)	Løyving VLFK 2023	Prognose 2023 ved T1	Prognose 2023 ved T2	Avvik 2023 (til disp - prognose)	Kommentar avvik byggherre
Infrastruktur Paradis	0	3 500	20 500	6 293	-2 793	Prognose for heile prosjektet på 36,3 mill. i 2023, kor 15,8 mill. vert finansiert av statlege midlar og omlag 14 mill. av private tilskot. Avviket skyldast ma. tidsforskyving frå 2022. Grunnentreprise på tiltaket vart overlevert mars 2023. Bygging av brua (kompositt materiale) vert hausten 2023, dersom godkjenning av bru føreligg. Årets prognose er usikker. Det vert lagt fram notat knytt til totalprognosen.
Fv5308 Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland kommune	0	0		500	-500	Prognose for heile prosjektet på 8 mill. i 2023, kor 7,5 mill. finansierast av statlege midlar.
Fv5254 Kleppevegen ved Myrane	0	0		1 000	-1 000	Prognose for heile prosjektet er på 8,5 mill. i 2023, kor 7,5 mill. finansierast av statlege midlar.
Fv552 GS-løysing som del av utbetningsentreprisa for Hatvikvegen	0	0		500	-500	Prognose for heile prosjektet på 5 mill. i 2023, kor 4,5 mill. finansierast av statlege midlar.
Fv 5348 Haugeveien, Nordnesparken, Margrethastredet (Nordnes II)	0	2 200	2 200	2 178	22	Tiltak frå HP22-25. Tiltaket er ferdig bygd og økonomisk avslutta.
Allestadvegen - Skarphaugen sykkel	0	7 000	7 200	9 000	-2 000	Tiltak frå HP22-25. Tiltaket er ferdig sommar 2023. Auka kostnader grunna omfattande tillegg av forurensete massar til deponi. Det står att sluttoppgjær på tiltaket.
Straksløsning Christiesgate- Bradbenken	0	0	4 000	4 000	-4 000	Tiltak frå HP22-25. Tiltaket er forskjøvet i tid. Hadde løyving i 2022. Pågående byggesøknad. Mulig økt omfang langs Torget. Antatt oppstart bygging høst 2023
Trolleybuslinje til Laksevåg	0	0	28 900		0	Tiltak frå HP22-25. Det var meldt prognose på 28,9 mill. ved T1. Prognosen var usikker. Prognosen er 0 ved T2, men prognosen er framleis usikker grunna uavklart garantikrav.
Fyllingsveien, fortau og fremkommelighet kollektiv	0	0	5 000	10 000	-10 000	Tiltak frå HP22-25. Det pågår sluttoppgjær på tiltaket. Prognosen er usikker.
Endepunkt Trolley	0	0		2 800	-2 800	Tiltak fra HP21-24. Tiltaket er no ferdig oppgjort økonomisk. Etterfakturering frå SvV er kostnadene som er belastet tiltaket i år.
Hovudprosjekt Miljøløftet vlf- Byvekstavt. fylkesveg	0	0	0	0	0	Budsjettet blei trukket ned med 10,7 mill. i FT i juni.
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>12 700</b>	<b>67 800</b>	<b>36 271</b>	<b>-23 571</b>	

## Oppsummering og overordna prognose Bypakke Bergen

Tabell 8 (under) gir oversikt over Bypakke Bergen med forventna bompengainntekter og prognose for rekvirering av bompengar til dei bompengefinansierte prosjekta. Det er ikkje levert prognose for totalkostnaden for dei enkelte prosjekta, med unntak av Bybanen byggetrinn 4 (sjå eige avsnitt)

Prognosen for netto bompengainntekter er på nivå med prognosen for T1-2023. Dette skuldast at sjølv om gjennomsnittstaksten pr. passering er redusert samanlikna med 1. tertial, så har årleg døgntrafikk (ÅDT) blitt høgare. Den årlege snitttaksten er lågare enn det som er føresett i proposisjonen, noko som på sikt fører til lågare inntekter for prosjekter som etter planen skal finansierast av Bypakke Bergen. Etersom Miljøløftet har nullvekstmålet som hovudmålsetting med tiltaka, er det uheldig at ÅDT er aukande.

T2-2023 prognosen syner at rekvireringsbehovet for 2023 er om lag 600 mill. kroner. Dette er 144 mill. høgare enn prognosen per 1. tertial. Endringa skuldast i hovudsak oppdaterte prognoser som viser vesentlege endringar på tre av dei fire bompengefinansierte prosjekta. Her er det verdt å notere seg at prognosane for prosjekta er prega av usikkerheit (sjå tabell 8 for detaljar):

- *Bybanen BT4* aukar sin prognose med om lag 185 millionar ift T1-2023.
- *Hjellestadvegen* aukar sin prognose med om lag 25 millionar ift T1-2023, og
- *Førebunde arbeid med Bybanen BT5* reduserer sin prognose med om lag 54 millionar ift T1-2023

Prognosen viser at netto bompengainntekter er 231 mill. høgare enn prognosen for rekvirering av bompengar. Vi kan dermed forvente at gjelda i bypakke Bergen er lågare ved utgangen av 2023, samanlikna med utgangen av 2022, då gjelda i bypakke Bergen var på 5,65 mrd.

Med ein gjennomsnittstakst i tråd med forutsetningane i proposisjonen, ville taksten vore på 13,94 kr., 2023 sett under eitt. Prognosen for realisert gjennomsnittstakst i bypakke Bergen i 2023 er på 12,10 kr. Dette gir eit inntektsgap på 167,9 mill. i 2023.

Tabell 8 - Oppsummeringstabell bypakke Bergen (tal i 1000 2023-kr.)

OVERSIKT BYPAKKE BERGEN (tal i 1000-kr)					
Bypakke Bergen 2023	HP23-26 (2023)	Prognose 2023 v/T1	Prognose 2023 v/T2	Avvik (HP 2023 minus prognose)	Kommentar
Brutto bompenginntekt	-1 139 000	-1 122 000	-1 135 041	-3 959	I HP23-26 var det lagt til grunn ein gjennomsnittstakst i tråd med proposisjonen på 12,48 kr. forventet 2023-kr, ein ÅDT på 250 tusen, samt at tilskotet til reduserte bompenger blei nytta til reduserte takstar på elbil.  Oppdatert gjennomsnittstakst i tråd med proposisjonen er 13,94 kroner. Da er taksten justert for faktisk indeks for 2022, oppdatert forventet indeks for 2023, og justert mtp. at tilskotet til reduserte bompengar berre blei nytta til reduserte takstar for elbil i januar og februar 2023.  Prognosen pr. 2. tertial for brutto bompenginntekter er høgare enn pr. T1-2023. Grunnen er ei auke på 7 tusen i snittet for ÅDT i forhold til T1 (250 tusen i T1 og 257 tusen i T2). Realisert gjennomsnittstakst ved T2 er redusert frå 12,30 ved T1 til 12,10 i T2. Reduksjonen skuldast endring i regelverk frå 1. sept. 23, som gjer at timesregelen også gjeld for bilstar utan autopass-avtale.
Netto drifts- og finanskostnader	169 600	286 000	302 000	-132 400	I HP23-26 var prognose for drifts- og finanskostnader i 2023, lik prognosen for 2022. Avviket samanlikna med handlingsprogrammet, er knytt til auka finansieringskostnader i 2023. Auken i prognosen samanlikna med 1. tertial, gjeld ei vidare auke i prognose for finanskostnader. Driftskostnadene er uendra (77 tusen).
<b>Netto bompenginntekt</b>	<b>-969 400</b>	<b>-836 000</b>	<b>-833 041</b>	<b>-136 359</b>	<b>Prognosen for netto bompenginntekt er på nivå med prognosen pr. 1. tertial.</b>
Planlegging av Bybanen byggetrinn 5, fra Bergen sentrum til Åsane	6 200	30 551	15 381	-9 181	Uttak av bompengar er i tråd med medgåtte kostnader på tiltaket som er bokført i VLFK. Prognose for venta forbruk 2023 har Vlfk ikkje motteke frå Bergen kommune og difor føreligg det usikkerheit knytt til rekvireringsbehov i 2023.
Førebuande arbeid med Bybanen BT5	-	113 000	59 000	-59 000	Opprinneleg plan knytt til uttak av bompengar knytt til tiltaket var (29+ 102 mill kr) knytt til årets og fjor årets aktivitet. I venta uttak er nye opplysningar teke omsyn til. Det vert lagt fram sak til i styringsgruppa 3. november, om plan for bruken av midlane "betre kollektivtilbod". Forslag til vedtak i saka er at 72 mill. av det statlege tilskotet for 2023 (108 mill.) skal nyttast til å redusere det samla bompenguttaket til BT5 i 2023. Dersom forslag vert vedteke, betyr det at uttak av bompengar i 2023 vert redusert frå 131 mill.kr til 59 mill.
Bybanen BT 4	166 600	292 000	477 220	-310 620	Venta uttak av bompengar er knytt til årets og fjorårets aktivitet.
Hjellestadvegen	7 200	25 000	50 000	-42 800	Arbeida på tiltaket er venta ferdig september 2023. Det føreligg tvist knytt opp mot tidlegare entreprenør på tiltaket. Prognosen for 2023 er gitt under føresetnad av at det ikkje føreligg avklaring knytt til tvist med tidlegare entreprenør i løpet av året.
<b>Sum rekvirering av bompengar til bompengefinansierte prosjekt</b>	<b>180 000</b>	<b>460 551</b>	<b>601 601</b>	<b>-421 601</b>	<b>Samla rekvireringsbehov har auka med om lag 140 mill. sidan 1. tertial</b>
<b>Netto bompenginntekt minus rekvirering av bompengar</b>		<b>-375 449</b>	<b>-231 440</b>		<b>Prognosen syner at rekvireringsbehovet for 2023 er om lag 231 mill. lågare enn prognosen for netto bompenginntekter.</b>

## Bybanen Byggetrinn 4

Sekretariatet har mottatt følgende rapportering for bybanen byggetrinn 4:

«Prognosen for prosjektet vil endre seg etter kvart som prosjektet går mot avslutning. Prognosen for Bybanen byggestege 4 (50/50 prosjektet) er ca 9,34 mrd (2023-kr) på rapporteringstidspunktet. Venta meirforbruk utover styringsramma er fordelt i henhold til vedtak i fylkesutvalet og styringsgruppa for Miljøløftet, basert på % andel knytt til solidar ansvar som står i saka. VLFK kan opplyse om at venta meirforbruk er lågare nå enn det som låg til grunn i saka, da den vart handsama både i fylkesutvalet og styringsgruppa for Miljøløftet i 2022. Totalprognosen for alle delelementa er 11,219 mrd.»

Informasjonen i dette er noko avgrensa, og det er om lag eitt år sidan førre detaljerte prognose blei lagt fram for styringsgruppa. Sekretariatet tilrår derfor at det vert lagt fram ei eiga sak med oppdatert prognose for totalkostnad for byggetrinn 4, fordelt på dei enkelte finansieringskjeldene.

## Forslag til vedtak

Styringsgruppa tek innhaldet i økonomirapporteringa per 2. tertial til orientering.

Styringsgruppa vedtek ei ekstra utbetaling av belønningsmidlar til Bergen kommune på 29,6 mill. i 2023 i tråd med tabell 4.

Styringsgruppa ber om at det vert lagt fram ei eiga sak med oppdatert prognose for totalkostnad for bybanen byggetrinn 4.

Sekretariatet held fram med å vidareutvikle økonomirapporteringsrutinane, og kjem attende til styringsgruppa før 1. tertial 2024 med forslag til endringar og presiseringar.